



Masfjorden kommune

Møtebok for Formannskapet

Møtedato: 28.08.2023
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 10:45 - 15:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Rådmann Svein Helge Hofslundsengen som og førte møteboka.

Sakliste

Saksnummer: Sakstittel:

060/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 03
061/2023	Godkjenning av møtebok	s. 04
062/2023	Kraftmelding pr. 30.06.2023	s. 05
063/2023	Sal av bustadtomter i Ytre Haugsdal bustadfelt	s. 07
064/2023	Tilbod om kjøp av modellbåtar	s. 10
065/2023	Referatsak	s. 12

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	23/795

Saknr	Utval	Type	Dato
060/2023	Formannskapet	PS	28.08.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Formannskapet - 060/2023

FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	23/795

Saknr	Utval	Type	Dato
061/2023	Formannskapet	PS	28.08.2023

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Formannskapet - 061/2023

FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA-S09	19/430

Saknr	Utval	Type	Dato
062/2023	Formannskapet	PS	28.08.2023
044/2023	Kommunestyret	PS	18.09.2023

Kraftmelding pr. 30.06.2023

Vedlegg:

Journalposttittel

Kraftmelding pr 30 06 2023

Dato

16.08.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kraftmelding pr. 30.juni 23 vert teken til vitring.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret den 13.12.2016 samla seg om at førebels utgåve av Kraftmeldinga var noko ein kunne bygge vidare på. Dei var og samde i at Kraftmeldinga vart lagt fram 2 gonger i året; pr. utgangen av juni og desember.

Fakta

Viser til sjølve kraftmeldinga som følgjer som vedlegg.

Vurdering

Ein forventar ein auke i samla kraftinntekter når ein ser vekk frå trekk i rammetilskot som følgje av konsesjonskrafta. Trekk opphavleg 47,5 mill.kr., redusert til 10,7 mill.kr i samband med revidert nasjonalbudsjett.

	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Prognose	
	31.12.2020	31.12.2021	31.12.2022	Budsjett 23	pr. 30.6.23
Konsesjonsavgifter:	3 171 069	3 199 992	3 199 992	3 200 000	3 200 000
Naturressursskatt:	11 530 541	12 137 785	11 747 563	11 500 000	11 500 000
trekk inntektutjamning	-3 143 000	-2 248 000	-4 278 000	-2 500 000	-3 200 000
Konsesjonskraft:	-1 182 026	12 592 064	33 978 674	30 000 000	30 000 000
eigedomsskatt kraftverk & nett:	24 650 512	26 346 649	23 562 301	25 000 000	29 700 000
utbytte	621 486	828 648	948 000	1 000 000	1 000 000
sum kraftinntekter:	35 648 582	52 857 138	69 158 530	68 200 000	72 200 000

Dei fleste postane over er sikre, med unntak av konsesjonskrafta. Volum som vi sel i 2023 utgjør 39,4 GWh, og ned frå 51,3 GWh. som var volumet i fjor. Konsesjonskraft er svært usikker, held kraftpris fram med dei låge nivå som ein har sett i sommar, vil ein komme langt under prognose.

Trekk i inntektsutjamning forventar ein vil auke utover det som var lagt til grunn i budsjett 23, ca 1 mill kr.

Konklusjon

Kraftmelding pr. 30.juni 2023 skal gje ei relevant statusvurdering kring nokre sentrale forhold kring kraftinntektene til kommunen – og tilrår at meldinga vert teken til vitring.

Formannskapet - 062/2023

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Kraftmelding pr. 30.juni 23 vert teken til vitring.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	Gbnr-1/97, FA-L81	21/1139

Saknr	Utval	Type	Dato
063/2023	Formannskapet	PS	28.08.2023
050/2023	Kommunestyret	PS	18.09.2023

Sal av bustadtomter i Ytre Haugsdal bustadfelt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til prisfastsettinga som er gjort av tomtene i Ytre Haugsdal bustadfelt, vist i tabellen i saksframlegget. Følgjande prinsipp vert lagt til grunn for salet:

- Sal av tomtene (med unnatak av tomt 4 og 5) skal i første salsomgang skje samstundes, med bindande påmelding. Dersom fleire vil kjøpe same tomte, skal det skje ei loddtrekning med vitner til stades. Seinare vert tomter seld etter prinsippet «først til mølla».
- Privatpersonar skal ha fortrinnsrett til alle tomter med unnatak av tomt 4 og tomt 5, som skal seljast samla til aktuell utbyggjar. Desse tomtene skal seljast så snart det er praktisk mogeleg.
- Tomtene som er regulert til tomannsbustader (tomt 6 og 7) skal seljast med klausul om at det skal byggjast fleirmannsbustader på tomtene.
- Alle tomtene skal seljast med klausul om at det skal oppførast bustad i løpet av 3 år, og at kommunen då får rett til å kjøpa tomte attende til same pris. Kommunen skal og ha forkjøpsrett ved sal til same pris om tomte vert seld.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta


Kommunestyret gjorde i møte den 13.06.2023, sak 029, vedtak om å løyve krone 13.074.067,- inkl. mva til utbygging av bustadfeltet i Ytre Haugsdal. Det er 14 tomter i feltet, 12 einbustadtomter og to tomannsbustader. I saka vart det varsla at administrasjonen ville koma attende med framlegg til prisar på tomtene. Det vart i saka signalisert at ein ville differensiere prisane på tomtene, sidan dei tomtene som ligg lengst vekk frå vegen, og med best utsikt, sannsynlegvis vil vera mest ettertrakta. Då unngår ein at berre dei finaste tomtene vert seld først. Vidare har kommunen vore i samtale med ein aktuell utbyggjar om to av tomtene som ligg nærmast fylkesvegen, som ønskjer å byggje ein 6-mannsbustad på to av tomtene. Det vil i så fall krevja at det vert gjennomført ei mindre planending, eller at det vert søkt om og gjeve dispensasjon.

Tomtene vert seld inkludert kostnad med oppmåling. I tillegg kjem kostnader for tomtekjøpar som gjeld tilknytning til offentleg vatn og avlaup, samt tinglysing av skøyte og dokumentavgift (som er 2,5 prosent av eigedomens salsverdi på tinglysingstidspunktet).

I saka som var oppe i kommunestyret vart tabellen nedunder vist, som viser anleggskostnaden med å

byggja ut feltet. Kjøpesummen på krone 2,1 million er ikkje med i oppstillinga.

Hovudpostar	Kronesum (eks mva.)	Inkludert mva.
1. Komplette eks. tomteplanering	6.100.000,-	7.625.000,-
2. Tomteplanering og avkøyring	2.100.000,-	2.625.000,-
3. Auka dimensjon vassleidning	450.000,-	562.500,-
4. Diverse 15 % diverse/påslag	1.297.500,-	1.621.875,-
5. Anleggsbidrag til BKK AS	639.692,-	639.692,- (er utan mva)
Totalsum	10.587.192	13.074.067,-



Vurdering

Nedunder er det vist ein tabell som viser kva priser administrasjonen tilrår at kommunen sel tomtene for. Pris per tomt er differensiert ut frå kor tomtene ligg, grad av utsikt, avstand til fylkesveg, samt storleik på planert areal. Samstundes har ein lagt til grunn sjølvkost, slik at kommunen får rett til å få attende meirverdiavgifta knytt til utbyggingskostnadane. Prisen er inkludert kostnad med oppmåling, som per i dag etter gebyrregulativet er på krone 21.900 per tomt, som til saman utgjør krone 306.600,-.

Tomtenummer	Pris pr. tomt	Kommentar
1	650.000	Avgrensa utsikt, større areal planert
2	750.000	God utsikt, stor tomt og større areal planert
3	650.000	Nær fylkesvegen og bak andre tomter
4	650.000	Nært fylkesvegen og bak andre tomter
5	650.000	Nært fylkesvegen og bak andre tomter
6	950.000	Regulert til tomannsbustad
7	900.000	Regulert til tomannsbustad, nær innkøyringa
8	900.000	Flott utsikt, stor tomt og vestvendt
9	825.000	Flott utsikt mot sør
10	850.000	Flott utsikt og større areal planert.
11	825.000	Flott utsikt mot sør
12	825.000	Flott utsikt mot sør
13	825.000	Flott utsikt mot sør
14	650.000	Meir austvendt tomt

SUM	10.900.000	Sjølvkost er då sikra, sidan oppmålingskostnaden er inkludert i kjøpesummen.
------------	-------------------	---

Vidare tilrår ein at sal av tomtene skal skje samstundes, med bindande påmelding. Dersom fleire vil ha same tomte, må det skje ei loddtrekning. Denne må gjennomførast på ein transparent måte, og med vitner til stades. Seinare vert tomtene seld etter prinsippet «først til mølla».

Rådmannen meiner at det er føremålsteneleg at tomt nummer 4 og 5 vert seld samstundes til ein aktuell utbyggjar, slik at desse tomtene kan verta utvikla samstundes, slik denne aktøren ønskjer. Då er potensialet for også å kunna etablera bustader til førstgangsetablerarar i feltet stort. For å sikre framdrift og rask etablering, rår ein til at desse tomtene vert seld så snart det er praktisk mogeleg.

Tomtene som er regulert til tomannsbustader (tomt 6 og 7) skal seljast med klausul om at det skal byggjast fleirmannsbustader på tomtene.

Alle tomtene skal seljast med klausul om at det skal oppførast bustad i løpet av 3 år, og at kommunen skal ha rett til å kjøpa tomte attende om det ikkje skjer, samt ha forkjøpsrett ved sal til same pris om tomtekjøpar ønskjer å selja tomte vidare før det er oppført bustad på tomte.

Sjølve salsprosessen ser ein for seg kan starta opp i haust, med klar føring på at tomtene ikkje kan byggjast på før grunnarbeidet med naudsynt infrastruktur er ferdigstilt.

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunestyret sluttar seg til prisfastsettinga som er vist i tabellen ovanfor, og dei premissene som gjeld forkjøpsrett og krav om bygging innan 3 år med vidare, slik det er formulert i tilrådinga.

Formannskapet - 063/2023

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til prisfastsettinga som er gjort av tomtene i Ytre Haugsdal bustadfelt, vist i tabellen i saksframlegget. Følgjande prinsipp vert lagt til grunn for salet:

- **Sal av tomtene (med unnatak av tomt 4 og 5) skal i første salsomgang skje samstundes, med bindande påmelding. Dersom fleire vil kjøpe same tomte, skal det skje ei loddtrekning med vitner til stades. Seinare vert tomter seld etter prinsippet «først til mølla».**
- **Privatpersonar skal ha fortrinnsrett til alle tomter med unnatak av tomt 4 og tomt 5, som skal seljast samla til aktuell utbyggjar. Desse tomtene skal seljast så snart det er praktisk mogeleg.**
- **Tomtene som er regulert til tomannsbustader (tomt 6 og 7) skal seljast med klausul om at det skal byggjast fleirmannsbustader på tomtene.**
- **Alle tomtene skal seljast med klausul om at det skal oppførast bustad i løpet av 3 år, og at kommunen då får rett til å kjøpa tomte attende til same pris. Kommunen skal og ha forkjøpsrett ved sal til same pris om tomte vert seld.**

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frank Kvinge	FA-P52, TI-&50	23/605

Saknr	Utval	Type	Dato
064/2023	Formannskapet	PS	28.08.2023

Tilbod om kjøp av modellbåtar

Vedlegg:

Journalposttittel

Førespurnad om kjøp av modellbåt

Dato

19.06.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for drøfting i formannskapet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen har fått spørsmål frå Ivar Haukeland om å kjøpa modell av Viking II(Sandnes-skøyta) og Lady/Hospits. Sjølv har han for eigne midlar kjøpt modellen av Gneist som skal stå på Bjørn West-museet.

Fakta

Alle tre båtane var med i Englands-/Shetlandsfarten under 2. verdskrig. Sjå elles vedlegg for ytterlegare historie til båtane.

Haukeland har eit ønskje om at Lady kan bli plassert på Nordbygda skule og Viking II ein stad på Sørsida. Kostnaden ved kjøp av dei to modellane, transport og glasmonter er om lag kr 50 000. Modellane er bygd av Karl Johan Olsvik i Ålesund.

Vurdering

Kulturavdelinga i kommunen vil rosa initiativet Haukeland viser i denne saka, og det er prisverdig at han med eigne midlar har kjøpt Gneist til BW-museet.

Når det gjeld ev kommunalt kjøp av dei to andre modellbåtane er det ikkje midlar på kultur-budsjettet for 2023 til ei slik løyving.

Konklusjon

Saka vert lagt fram for drøfting i formannskapet.

Konklusjon

Formannskapet - 064/2023

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Formannskapet jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune løyver inntil 50.000,- jf faktadelen i saka, finansiert med bruk av kulturfondet.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune løyver inntil 50.000,- jf faktadelen i saka, finansiert med bruk av kulturfondet.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	23/795

Saknr	Utval	Type	Dato
065/2023	Formannskapet	PS	28.08.2023

Referatsak

Tilknytte dokument:

1. Melding om igangsetting av reguleringsplanarbeid- Reguleringsendring detaljregulering Gulen industrihamn - Gbnr 63/15 Plan-2013003
2. Oversending - Masfjorden kommune - budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026
3. Svar på ny oppmoding om mottak av flyktningar
4. Valg til KS
5. Søknad om støtte til grusing av veg
6. Sams eigarstrategi for Gløde utvikling AS
7. Referat frå NGIR sitt representantskapsmøte 5.juni 2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Formannskapet - 065/2023

FS - behandling:

Referatsaker:

Skriv 1: Melding om igangsetting av reguleringsplanarbeid - Reguleringsendring detaljregulering Gulen industrihamn Gbnr 63/15 Plan 2013003

Skriv 2: Oversending - Masfjorden kommune - budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026

Skriv 3: Svar på ny oppmoding om mottak av flyktningar

Skriv 4: Valg til KS

Skriv 5: Søknad om støtte til grusing av veg

Skriv 6: Sams eigarstrategi for Gløde utvikling AS

Skriv 7: Referat frå NGIR sitt representantskapsmøte 5.juni 2023

Drøftingssaker:

1. Bemanningssituasjonen/tiltak
2. Berinvest
3. Folkevalt opplæring
4. Politiske reglement og struktur
5. «Støysaka»/Sandnes skule
6. Kommunebarometer 2022 av 21.8.23
7. Generalistkommune
8. dialog mellom kyrkja og formannskap
9. Sandnes sentrumsutvikling
10. Skjønsmidlar til fornying og innovasjon (prosjektskjøn) i kommunane 2024

Orientering frå Rådmannen:

- Det vert folkemøte om reguleringsplan for Botnaneset onsdag 6.september

Framlegg til vedtak vart samtøystes vedteke.

FS - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Rett utskrift frå møteboka frå formannskapet 28.08.23 vert vitna:

Karstein Totland
ordfører

Torill Torsvik Størkensen
varaordfører